



Voss herad

Saman for helse og aktive liv

Helse og omsorg strategi 2025-2035

Revisjon av strategi «*Morgondagens omsorg i mine og dine hender, 2015-2025*»

VOS2
bygd for sterke opplevingar


Strategi

- 1 målbilete. Nytt fokus på «Saman...»
- 4 delmål eller satsingsområde «Saman om»
- 5 strategiar «Dette er korleis me skal få det til»
- Bygd på kommuneplanen sin samfunnsdel hovudmål

Saman for helse og aktive liv



Helse og meistring i kvardagen -
saman for aktive innbyggjarar gjennom heile livet



Førebygging og helsefremming

- Me ynskjer å motivere innbyggjarane til å ta vare på eiga helse gjennom kunnskap, aktivitet og fellesskap.
- 80 % av alle hjarte- og karsjukdomar kan førebyggast med betre levevanar.
- Kvar krone brukt på førebygging sparar fleire kroner til behandling
- Einsemd er faktisk rekna som ein like stor risikofaktor som røyking



Førebygging og helsefremming

Me vil motivera innbyggjarane til å ta vare på eiga helse gjennom kunnskap, aktivitet og fellesskap.

Førebygging skal være prioritert framfor reparasjon. For å lukkast med rett oppgåvedeling i helsetenestene, må me starta med folkehelsearbeid, tidleg innsats og helsefremjande tiltak.

Helsekompetansen skal være styrkt. God helsekompetanse gjer at fleire tek sunne val i kvardagen - som å vera fysisk aktive, eta sunt, søkja hjelp i tide og følgja opp behandling. Det gir betre helse, mindre sjukdom og høgare livskvalitet. Nokon skal gå frå inaktiv til litt aktiv – der får me størst gevinst for den enkelte og for samfunnet.

Aktivitet og deltaking er viktig for helse og livskvaliteten til kvar enkelt. Det handlar om å kjenna tilhøyrslar – i arbeid, dagaktivitetar, fritid, organisasjonar, nabolag eller frivillig arbeid.

Bu trygt heime

- Fleire skal kunne bu trygt og sjølvstendig heime lengst mogleg.
- Dei fleste ynsker å bu heime – og det kan gi betre helse når forholda er gode.
- Gode nærmiljø gir meir aktivitet og betre folkehelse.
- 30 minutt gange dagleg kan redusere risiko for kroniske sjukdomar.
- Me treng omsorgsbustadar samt aldersvennlege bustadar.
- Viktig å tenkja langsiktig om eigen bustad før behova endrar seg.



Bu trygt heime

Målet er at fleire skal kunne bu sjølvstendig og trygt heime så lenge som mogleg.

Gode nærmiljø og inkluderande bumiljø er ein viktig del av dette. Gåing og fysisk aktivitet i kvardagen er noko av det viktigaste me kan gjera for å betra folkehelse.

Når nærmiljøet legg til rette for at folk kan gå, sykle og vera aktive, får det store positive verknadar.

Me ynskjer å fremja utvikling av sentrumsnære tryggleiks- og omsorgsbustadar, samt aldersvennlege bustadar som kan passe ulike behov gjennom livet. Nokre personar har utfordringar med å bu, og treng støtte for å styrkje buevna og oppnå ein stabil busituasjon over tid.

Me vil me stimulera innbyggjarane til å tenkja langsiktig om eiga helse og busituasjon – til dømes ved å vurdere bustadar med livslapsstandard i god tid før helse endrar seg.

Eigen meistring og rehabilitering

- 1 av 3 menneske i verda kan ha nytte av rehabilitering.
- Behovet aukar når fleire lever lenger med kroniske sjukdomar.
- Rehabilitering reduserer liggetid, reinnleggingar og komplikasjonar.
- Tidleg og intensiv innsats gir betre funksjonsgevinstar.
- Målet er meir sjølvstende og betre meistring i kvardagen.



Eigen meistring og rehabilitering

Innbyggjarar som oppnår og utviklar best mogleg funksjonsevne, ut frå eigne mål og livssituasjon.

Tenestene skal støtta folk i å utvikla og halde vedlike funksjonsevna, med fokus på kvardagsmeistring, tidleg innsats og personsentrerte løysingar.

Rehabilitering skal vera ein heilt naturleg del av alle tenester. Me skal leggja til rette for tiltak som motverkar hjelpeløyse – frå sjukdom til helse, frå diagnose til heile mennesket.

Me må nytta metodar og rammeverk som fremjar sjølvstende, deltaking og livskvalitet. Tidleg innsats kan bremse eller hindre negativ utvikling. Me må investera tidleg – *tidleg inn og tidleg ut* - og gjera kloke val basert på nytte, ressursbruk og alvor.

Tenestene skal støtta opp om eigeninnsats for betra helse, og bidra til å redusera verknadene av endra funksjonsevne. Målet er å styrkja den enkelte si evne til å meistra kvardagen, sjølv når helsa endrar seg.

Innovative tenester

- Utvikle fleksible og nyskapande tenester med velferdsteknologi og digitale løysingar.
- Tenester må vere meir ressurseffektive og møte brukarane sine behov på nye måtar.
- Digital teknologi har stort potensial og er framleis lite utnytta globalt.
- Gode digitale løysingar kan redusere helseutgifter med opptil 15 %.
- Målet er trygg, samanhengande omsorg heile døgnet – både heime og på institusjon.
- Ambulante og teknologistøtta tenester skal sikre at fleire kan få hjelp der dei bur.



Innovative tenester

Me vil utvikla fleksible og nyskapande tenester, med bruk av velferdsteknologi og digitale løysingar.

Me skal utvikla tenester som møter brukarane sine behov på nye og meir ressurseffektive måtar. Med færre ressursar og fleire brukarar, må me tenkje nytt om korleis me gjev omsorg.

Målet er å tilby heildøgnsomsorg som er både innovativ og fleksibel, med bruk av digitale løysingar og velferdsteknologi, samstundes utvikla omfattande og trygge tenester i heimen - med høg kvalitet og effektiv bruk av ressursar.

Tenestene må vera godt samansette gjennom døgnet, slik at dei dekkjer behovet for tilsyn og rask helsehjelp. Digitale løysingar og teknologiske verktøy skal bidra til å endra måten tenestene vert gitt på – og gjera det mogleg å gje meir hjelp der folk bur.

Sjukeheimplassar skal vera for dei med dei mest omfattande behova, som krev tett medisinsk oppfølging og tilsyn. Ambulante tenester skal vera ein viktig del av ei fleksibel og framtidsretta tenesteutvikling.



STRATEGISKE GREP

Kommunikasjon som byggjer helse og fellesskap

Behalde, rekruttera og utvikla medarbeidarar

Felles planlegging og innsats

E-helse og velferdsteknologi

Prioritering i kvardagen



Bruka kommunikasjon som eit verktøy for endring, slik at innbyggjarane forstår kvifor tenestene endrar seg – og korleis dei kan ta gode val for eiga helse og livskvalitet.

Byggja tillit og felles forståing gjennom open, tydeleg og konstruktiv dialog.

Mobilisera til felles innsats for betre folkehelse gjennom samarbeid på tvers av sektorar, styrkt helsekompetanse og kreative folkehelsekampanjar.

Helsepedagogikk og god kommunikasjon må vere ein naturleg del av alle tenester. Klår og tydeleg informasjon gjer det lettare for folk å forstå, og å ta gode helseval.



STRATEGISKE GREP

Kommunikasjon som byggjer helse og fellesskap

Behalde, rekruttera og utvikla medarbeidarar

Felles planlegging og innsats

E-helse og velferdsteknologi

Prioritering i kvardagen



Satsa på helsefremjande arbeidsplassar med godt arbeidsmiljø, medverknad og utviklingsmoglegheiter.

Prioritera rekruttering til sårbare yrkesgrupper og utdanningar.

Sikra strategisk og systematisk kompetanseutvikling.

Utvikla smart oppgåvedeling og samarbeid.



STRATEGISKE GREP

Kommunikasjon som byggjer helse og fellesskap

Behalde, rekruttera og utvikla medarbeidarar

Felles planlegging og innsats

E-helse og velferdsteknologi

Prioritering i kvardagen



Bidra til samla og målretta innsats gjennom felles planlegging og prioritering på tvers av kommunale avdelingar og i helsefellesskapet – i tett samarbeid med innbyggjarane.

Samarbeid med næringsliv, frivilligheit og andre relevante aktørar med fokus på samspel mellom BANK faktorane.

Fremja helsevenleg samfunnsplanlegging ved å dela kompetanse og fagkunnskap på tvers av fagmiljø.

Bygga vidare på tverrfagleg tilnærming som gjev betre og meir effektive løysingar - ved å koordinera og nytta ulik fagkompetanse til det beste for brukarane, uavhengig av tenesteområde og nivå.

Utvikla gode pasient- og brukarforlaup, med samanheng og flyt mellom sjukehus og kommune, slik at brukarane får rett hjelp til rett tid.



STRATEGISKE GREP

Kommunikasjon som byggjer helse og fellesskap

Behalde, rekruttera og utvikla medarbeidarar

Felles planlegging og innsats

E-helse og velferdsteknologi

Prioritering i kvardagen



Digitalisera det som kan digitaliserast, slik at tilsette får meir tid til brukaroppfølging og kan levera tenester med høg kvalitet.

Ta i bruk brukarvenlege og samanhengande løysingar, og vidareutvikle digital heimeoppfølging.

Integrera teknologi i dei etablerte tenestene, og sikra at me hentar ut gevinstane av digitaliseringa.

Nytta teknologi som allereie finst, og bidra til utvikling av nye løysingar.

Tilpassa arbeidsprosessane slik at me jobbar meir effektivt og framtidsretta.



STRATEGISKE GREP

Kommunikasjon som byggjer helse og fellesskap

Behalde, rekruttera og utvikla medarbeidarar

Felles planlegging og innsats

E-helse og velferdsteknologi

Prioritering i kvardagen



Prioritera klokt og kunnskapsbasert.

Bruka ressursane der dei trengs mest.

Skapa fleksible løysingar gjennom tillitsbasert tildeling.

Byggja på eit felles verdigrunnlag.

Prioriteringskriteria:

Nytte: Gjev tiltaket god effekt for personen?

Ressursbruk: Kor mykje krev tiltaket av tid, pengar og personell?

Alvor: Kor stort og akutt er behovet?

Oppfølging og evaluering

- Eit overordna styringsdokument vise retning for utvikling av tenestene og for prioritering av tilgjengelege ressursar.
- Måla i strategien skal verta implementert i alt av underliggende planverk i heile heradet. Strategien vert fylgt opp gjennom kommunedelplanar, temaplanar og handlingsplanar.
- Strategien skal verta evaluert og revidert i 2035.

Vossaplanar



Kommunikasjon som byggjer helse og fellesskap

Kulturplan
Tidleg innsats og livsmeistring
Kompetanseplan helse og omsorg
Klart språk (språkprofil)
Frivilligpolitikk
Rusmiddelpolitisk handlingsplan
Plan for habilitering og rehabilitering
SNU Voss
Pårørandestrategi



KULTUR
INNBYGGJARSERVICE
HELSE OG OMSORG
OPPVEKST
TEKNISK

Behalde, rekruttere og utvikle

Kompetanseplan helse og omsorg
Voss i vekst
HMS handlingsplan
Tidleg innsats og livsmeistring
Rusmiddelpolitisk handlingsplan
Plan for habilitering og rehabilitering
Bustadsosial handlingsplan
Demensplan
Pårørandestrategi
SNU Voss



HELSE OG OMSORG
OPPVEKST
TEKNISK

Felles planlegging og innsats

Kulturplan
Tidleg innsats og livsmeistring
Kompetanseplan helse og omsorg
Rusmiddelpolitisk handlingsplan
Plan for habilitering og rehabilitering
Bustadsosial handlingsplan
Pårørandestrategi
Vossa klima
Frivilligpolitikk
Demensplan
Sentrumsplan
SNU Voss
Reiselivsstrategi
Sti- og løypeplan
Trafikksikringsplan
Naturmangfaldplan



KULTUR
INNBYGGJARSERVICE
HELSE OG OMSORG
OPPVEKST
TEKNISK

Kompetanseplan for helse og omsorg
Plan for habilitering og rehabilitering
Demensplan
Rusmiddelpolitisk handlingsplan
Tillitsmodellen
Pårørandestrategi
Fagplan i legetenester



HELSE OG OMSORG

Prioritering i kvardagen

Kompetanseplan for helse og omsorg
Demensplan
Rusmiddelpolitisk handlingsplan
Plan for habilitering og rehabilitering
Pårørandestrategi



HELSE OG OMSORG

E-helse og velferdsteknologi

Oppdrag i strategi

Etablere eit tverrsektorielt folkehelsenettverk med kommunale einingar, frivillig sektor og eksterne partnerar innan 2026.

Utarbeide og gjennomføre ein kommunikasjonsplan som konkretiserer strategien 'Kommunikasjon som byggjer helse og fellesskap' innan 2027.

Gjennomføre minst tre tverrsektorielle folkehelsekampanjar innan 2035.

Gjennomføre ei systematisk evaluering av tenestene innan 2030.

Kartleggje framtidsretta bustadtilbod, med vekt på sentrumsnære tryggleiks- og omsorgsbustadar samt fleksible og aldersvenlege bustadar innan 2028.

Utvikle og teste fleksible tenestemodellar for heildøgnsomsorg – med kombinasjon av heimebaserte tenester, ambulante team og digitale løysingar – innan 2030.

Kva er nytt?

01

Førebygging = Folkehelse

- Endå meir tydeleg fokus på folkehelse og helsekompetanse
- Kommunikasjon som verktøy
- Endå meir fokus på kunnskapsbaserte prioriteringar

02

Eit felles ansvar og innsats

- Strategien gjeld heile heradet – ikkje berre helse- og omsorgstenesta
- Involvera fleire samfunnssektorar for å styrkja folkehelsa
- Innbyggjarane er største ressurs

03

Ny kunnskap

- Byggjer på nye nasjonale og regionale føringar, lokale erfaringar, statistikk og forskning



Voss herad

Takk!

Om du har spørsmål kan du sende ein mail til:
Prosjektleder: elizabeth.bell@voss.herad.no

VOS2
❖ med røter og vengjer

Prosess

Involvering og forankring

- Representantar frå kommunale råda
- Tillitsvalde og verneombod
- Nøkkelpersonar frå oppvekst, teknisk, kultur, innbyggjarservice, helse og omsorg
- Nøkkelpersonar frå Voss næringsråd, Kunnskapkommunen Vest, Frivilligforum Voss, USHT, Voss sjukehus
- Rådmannen si leiargruppe
- Leiarar og tilsette i helse og omsorg

Oppdatert kunnskapsgrunnlaget

- Relevante mål og strategiar frå lokale, regionale og nasjonale føringar vert ivareteke og innlemma i arbeidet.

Evaluering noverande strategi

- Kunnskapsinnhenting frå lokale utgreiingar, rapportar og studiar.
- Nøkkeltal frå økonomi og tenestemålingar er brukt til å sjå på utvikling dei siste årene. Avdelinga Styring og analyse er konsultert i dette arbeid.
- Utvida leiargruppa og tilsette i helse og omsorg var invitert til å bidra i undersøkingar og evalueringar med bruk av både kvalitative og kvantitative metodar.

Den «raude tråden» i planverk i Voss herad er sikra i arbeidet.

- Nøkkelpersonar innanfor planarbeid frå alle kommunale avdelingar vert orienterte og får høve til å kome med innspel.
- Det vert særleg fokus på å identifisera samanhengar, skape ei felles forståing av problemstillingane og oppnå einigheit om strategiske grep.

Behov for nytt fokus



01

Behov for felles
forståing og
haldningsendring

02

Behov for felles
innsats– me
skapar saman

03

Behov for nye
arbeidsmåtar,
tenestemodellar
og prioritering

04

Behov for
førebygging og å
ta eige ansvar

Delmål



Førebygging og helsefremming

Motiverer innbyggjarane til å ta vare på eiga helse gjennom førebyggjande og helsefremjande tiltak, og støttar deltaking, meistring og gode helseval i kvardagen



Bu trygt heime

Innbyggjarane kan bu trygt og stabilt i eigen heim – med rett støtte, god planlegging og bustadar som varer livet ut



Eigen meistring og rehabilitering

Innbyggjarar som oppnår og utviklar best mogleg funksjonsevne, ut frå eigne mål og livssituasjon gjennom personsentrerte rehabiliteringstiltak som fremjar meistring, sjølvstende og deltaking i kvardagen



Innovative tenester

Nyskapande og fleksible tenester tilpassa framtidige behov, med bruk av digitale løysingar og fagleg kunnskap, og tilbyr trygge og samanhengande tenester i heimen med høg kvalitet og effektiv bruk av ressursar